

Spørsmål til deg som går på ungdomsskolen

[Skriv gjerne ut kun side 2 og 3 og svar direkte på papir]

Svara på fylgjande spørsmål vil vera med på å påverka korleis klimaplanen, Vossaklima 2030 vert. Me vil gjerne veta meir om korleis du hadde det i barneskulen. Me vil også gjerne veta kva ordet «klima» betyr for deg og kva du synest er viktig å tenkja på og gjera når det gjeld miljø og natur i Voss herad.


Du kan skriva svaret ditt eller teikna det du synest er viktig. Så lenge svara dine er ærlege, og frå deg personleg kan du jobba aleine eller saman med læringspartnaren din, ein ven, ein forelder, eller ein føresett. Me vil gjerne at du brukar penn/blyant og papir og sender det heile til oss på den gode gamle måten.

Alle svara skal vera anonyme! Ikkje skriv namnet ditt eller andre sine namn på svaret ditt. Alle svar med namn må me dessverre kasta.

Lever svara inn til læraren din eller send direkte (i konvolutt med frimerke) til:

Du kan og levera svaret ditt på tinghuset. Der vil det stå ein boks merka «Vossaklima 2030» fram til 1. mars.

Om du skriv digitalt, lyt læraren din senda svara dine til: gunnhild.utkvitne@voss.herad.no



Spørsmål ① **K**va har vore din **BESTE** dag i 4.-7. trinn?

Skriv ein tekst, teikn ei teikning, eller lag ei ordsky...

Spørsmål ②

Kva er **VIKTIG** for deg
i klima- og miljøsaka?

Skriv ein tekst, teikn ei teikning, eller lag ei ordsky...

Spørsmål ③

Kva betyr «**KLIMA**» for deg?

Skriv ein tekst, teikn ei teikning, eller lag ei ordsky...